

## Slik vi ser det'' – forskning og høgare utdanning

Gunnar Skirbekk, Universitetet i Bergen

Vi er bedne om å legge fram synspunkt på eit omorganisert språkråd, på kjenne 10 minutt, ''slik vi ser det''. Og det må for den enkelte bli: ''slik eg ser det'' – i mitt tilfelle, ut frå ein arbeidsplass i universitetssektoren, utan å gjere krav på å vere representativ:

Nettopp fordi ein ikkje kan gjere krav på å vere representativ, kan det vere nyttig for tilhøyrarane å vite kor ein står i systemet: I yrkessamanheng er eg professor i filosofi, nærmare bestemt vitkapsfilosofi, med ei halv stilling ved Filosofisk institutt og ei halv ved Senter for vitkapssteori, begge ved Universitetet i Bergen. Gjennom instituttet har eg m.a. undervist og retta til examen philosophicum sidan 1962, noko som har gitt meg nærkontakt med norskkompetansen og utviklinga av den hos det breie lag av unge studentar. Gjennom senteret har eg m.a. arbeidd med opplæringsdelen i vitkapssteori for doktorandar ved ulike institutt og fakultet, særleg som rettleiar under essayskrivinga, fortrinnsvis saman med kollegaer frå andre fag, noko som etter kvart har gitt meg eit visst innsyn i korleis det står til i ulike fag og fagmiljø. Dei siste to åra har dei åtte høgskulane i vestlandsregionen, frå Agder til Molde, gått saman med Universitetet i Bergen i eit tiltak for å styrke forskarutdanninga – **Vestnorsk nettverk – forskarutdanninga** – og som styreleiar for dette arbeidet har eg fått tilsvarende innsyn for høgskulesektoren; relevant i den samanhengen kan det også vere at eg har ei II-stilling ved ein av høgskulane.

Når det så gjeld ''blikket utanfrå'', kan det nemnast at eg har erfaring frå undervisningsstillingar i universitetssektoren i USA, Frankrike og Tyskland. Endeleg, når det gjeld forskning og språk, kan eg berre konstatere at engelsk langt på veg er blitt bruksspråket i mine fagfelt. Men på dei felt der eg jobbar, står også tysken sterkt som ''lesespråk'', dersom ein vil vere oppdatert om pågåande forskning. I mindre grad gjeld det same for fransken. Norsk blir i forskningssamanheng eit internt språk for den skandinaviske familien.

Med dette som bakteppe skal eg konsentrere meg om eit fåtal poeng, som eg av tidsgrunnar må uttrykke kort og spissformulert:

- (1) Først eit allment synspunkt, som ikkje berre har adresse til Språkrådet: Skal norsk språk duge i forskning, må det brukast og dyrkast. Og di nærare vi kjem dei humanistiske disiplinane, di viktigare er det at ein forskar ikkje berre meistrar grammatikk og rettskriving, men også nyanserikdommen i ulike sjangrar og ved varierende stil. Og i den monn forskinga ikkje berre rettar seg inn mot kollegaer eller mot ekspertar i styringsverket, men mot den opplyste og interesserte offentlege meiningsdanning – slik det i alle fall burde vere for store delar av samfunnsforskninga – er det avgjerande at språket blir dyrka på ein medviten og kompetent måte, der ein samtidig tar bryet med å tydeleggjere føresetnader for eiga forskning som lett blir oversett av andre, men som likevel kan vere avgjerande for tolkinga av resultatet.
- (2) Offentlege råd og utval med eit diskursivt (eller drøftande) mandat bør ikkje vere for store. Eksempel: Ytringsfridomskommisjonen hadde 18 medlemmer. Dersom kvart medlem i ei sak hadde eit førsteinnlegg på 7 minutt, og deretter replikk og kommentar på 2, vil det, med margin, bety at runden tok 3 timar (10 minutt multiplisert med 18). Og dersom fleire av medlemmene sit musestille og ikkje tar ordet, er det i utgangspunktet liten grunn til at dei skal vere der – gitt at det er tale om ei fagleg og

diskursiv forsamling, og ikkje ei representativ forsamling med fokus på politisk votering. (Verdikommisjonen var endå større og truleg endå verre som diskursivt organ.)

- (3) Eit omorganisert språkråd bør vere eit fagleg og diskursivt organ, og det bør derfor ikkje vere for stort. Det avgjerande blir då å finne gode fagfolk. Fordi språket er eit komplekst fenomen, er det ikkje berre tale om språkvitskapleg ekspertise, anten det gjeld lingvistiske reglar eller registrering av endringar i tale- og skriftspråk. Språket er også eit sosialt fenomen, filtra inn i maktforhold i samfunnet. Derfor er solid sosiologisk innsikt nødvendig slik at maktrelasjonar kan synleggjerast. Og fordi det dermed er tale om eit tverrfagleg prosjekt, vil det vere nødvendig med vitskapsteoretisk innsikt, for å hjelpe til i refleksjonen på tvers av faggrensar og for å synleggjere innebygde føresetnader i ulike faglege prosjekt. Dette gjeld også falske føresetnader av det slaget som tillet implisitte slutningar frå **er** til **må**, frå det **spesielle** til det **allmenne**, eller frå **er** til **bør**: "Det er observert at så og så har skjedd der og då, altså måtte dette skje – altså må dette alltid skje – altså bør dette skje." Triviale feilslutningar, men med avpolitiserande effekt – ei avpolitisering som umiddelbart er språkpolitisk relevant.
- (4) Eit omorganisert språkråd bør altså ikkje vere for stort, og det bør omfatte eit ekspertisespekter som ikkje berre er språkvitskapleg, men også sosiologisk og vitskapsteoretisk. Men nettopp fordi språket er eit stridig fenomen, bør også dei stridande partar komme til orde i rådet, dei organiserte stridande partar. Men så ikkje fleire, for då blir rådet større enn det som godt er.
- (5) Eit omorganisert språkråd bør såleis ikkje vere for stort, men omfatte eit høveleg spekter av faginsikt, forutan dei språkpolitiske organisasjonane. Men når politikken skal inn, er det viktig å halde fast på at moderne politikk har to sider: den opplyste meiningsutveksling og dei representative vedtak. Begge trengst. Og dei trengst i eit indre samspel. Tidlegare var det kanskje ein tendens til å legge størst vekt på vedtakssida, idet ein neglisjerte den opplyste meiningsdanninga i det offentlege rom. Men det er også ein fare ved å gå for langt den andre vegen, idet ein vektlegg den offentlege sfære, men på kostnad av dei tradisjonelle politiske prosessane. Ved omorganiseringa av Språkrådet bør ein derfor ta seg i vare så ein ikkje endar opp med den moteriktige nyliberalistiske abdikasjonen overfor politiske vedtak og politisk styring. Modernitetens dilemma er jo nettopp spørsmålet om balansen mellom dei grunnleggjande institusjonane i samfunnet – slik som stat, marknad og kultur – der den praktiske utfordringa går ut på å unngå unødig og skadeleg ubalanse.
- (6) Så har vi konklusjonen, frå min ståstad: ikkje for stort, men med ekspertise også frå sosiologi og vitskapsteori, og med representantar for språkorganisasjonane – og i tillegg, eit mandat som ikkje berre forpliktar overfor den offentlege meiningsdanning, men som også omfattar eit gjensidig forpliktande forhold til det politiske system ved departement og storting.
- (7) Endå ei sak: påverknaden frå engelsk, i forskning og undervisning, og i samfunnet elles. Om dette er det mangt å seie, og somt av det som skjer er heller ei velsigning enn ein uting – det at alle forstår engelsk, gjer sjølvsagt internasjonalt forskarsamarbeid lettare. Men like fullt er det eit problem for eit lite språksamfunn at påverknaden frå eitt språk og eitt språksamfunn, det engelskspråklege, er så vidt sterk og så vidt einseitig. Dette er også eit problem for forskning i fleire humanvitskaplege og samfunnsvitskaplege fag, for eit språk er også berar av kulturelle meiningskodar. La oss seie det slik: Verda ser litt annleis ut på tysk frå Berlin, eller på fransk frå Paris, enn på engelsk frå dei same stadene, for ikkje å snakke om det å sjå verda på engelsk frå San Diego eller Houston. I kultur- og samfunnsfag er desse skilnadene ikkje

uvesentlege. Heller ikkje er dei uvesentlege for det norske samfunnet, og for det puste- og handlingsrom som vi skaffar oss, overfor påverknadene utanfrå. Splitt og hersk, sa dei gamle strategane. Bør så her – men korleis? Kjapt vil eg seie det slik: Vi er gode i engelsk. Men vi trur ofte at vi er betre enn vi er, for engelsk er eit språk det er lett å komme inni, men vanskeleg å bli perfekt i. Tidlegare, inntil for kort tid sidan, var tysk det første framandspråket her til lands. Men nordmenn har i dag fått det for seg at tysk er svært vanskeleg. Men den som har opplevd kollegaer frå Sørøst-Asia eller USA forsøke å tale tysk, vil fort ha merka av vi her til lands har store konkurransefortrinn i så måte – det gjeld først og fremst uttalen og ordtilfanget, og om grammatikken er krevjande i første omgang, er han likevel lettare for oss enn for mange andre. I høgare undervisning og forskning, og i samfunnet meir allment, kan det derfor vere interessant å vurdere om ikkje ei sterkare satsing på tyskfaget ville vere ein god ide – ikkje for tyskarane sin del, men for oss, for å gi oss meir armslag og større fridom i forhold til påverknadene utanfrå, og for å unngå ein viss type innsnevring i dannelsesgrunnlaget i kulturvitskapleg og samfunnsvitskapleg forskning. Ulike tiltak kunne komme på tale. Til dei meir handfaste høyrer vedtak om å styrke tysken som studieførebuande språk, t.d. for dei som skal studere kultur- og samfunnsfag innanfor universitets- og høgskulesektoren. Men andre tiltak kan sjølvstøtt komme på tale, og dét er no poenget: Eit omorganisert språkråd, med adekvat ekspertise og med eit nært forhold til det politiske system, bør også kunne ta opp spørsmålet om vår språklege utanrikspolitik.